

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ
Norge

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
12 FEB 2018	
Ark. saksnr. 18/5794	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode TP



Dykkar ref.:

Vår ref. 12705951

Dato:

Sak/dok.: 18/06779-1

08.02.2018

Ark.: 346

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 188 bnr. 9 og 11 i knr. 1263 Lindås kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande begjæring og eigenfråsegn om konsesjonsfridom og fullmakt de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

1. Det er ikkje May Britt Steindal som personleg har heimel til gnr. 188 bnr. Det er Eiendom Holtastølen AS som har heimel. Vi ber om at det blir lagt fram ein fullmakt kor det klart framkomme at May Britt Steindal gir fullmakt på vegne av Eiendom Holtastøl med organisasjonsnummer 813 570 602. Dette følgjer av tinglysingslova § 13.

Fullmakta må også gjelde rett til å signere på begjæring om arealoverføring. Fullmakta som er lagt med gjeld berre kjøpekontrakt, skøyte og oppmåling.

2. Det er registrert ein uråderett på eigedommen gnr. 188 bnr. 9. For å få tinglyst dokumentet må de leggje fram eit skriftleg samtykke til tinglysing frå Eiendomsmeidler Krogsveen AS med *ok* organisasjonsnummer 950 007 613.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.